



Harald Dag Jølle, forfatter og historikar ved Norsk Polarinstitutt, skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

FRILUFTSLIV

Lindesnes



Kajakkpadlarar blir små under klippa på Lindesnes.

TUREN

Lengst sør i landet, me er på kajakkstur austover. Eg er saman med ein telemarking, ein gudbrandsdøl og ein kar som er oppvaksen mellom skjera her i området. Me starta i Farsund og skal etter planen til Lillesand. Sørlandet på sitt beste, vonar me. Små, glatte holmar, lune vikar og smale sund, skvulpeskjer og koselege uthammer. Flott natur og spennande kulturlandskap. Me skal sjå kysten slik han har sett ut for folk i uminnelege tider. I sakte fart. Og ikkje frå baksida, gjennom bilglaset frå europa-vegen inne i skogen. Det er star-

ten av juli, og små trehus blir snart fylte opp med pengesterke austlendingar og oljesmurde rogalendingar. Varmen er visstnok òg på veg, om meteorologen får det som han vil, men førebels kjem lufta kald og sterk frå vest ute i havet.

Me gjeng i land i Korshamn, siste stopp før det illgjetne neset – klippa som stuper i havet og symboliserer Noregs utpost mot sør. Kanskje ikkje så stort. Omtrent like stas som å vere verdas høgaste dverg, for å nytte Knut Nærums bilete. Men dette neset har med rette hatt stor respekt hjå sjøfararar. Og dei van-

skelege straumtilhøva som rår, er årsaka til at det for få år sidan vart bygd ein kanal nokre kilometer inn i landet, slik at småbåtar på sørlandsferie kan segle trygt forbi.

Det kjem sterke argument for at me skal velje kanalen, når me står og småfrys på bryggja i duskregnet. Gudbrandsdølen, derimot, synest det hadde vore stor stas å runde Lindesnes når han fyrst hadde teke turen til kysten. Dølen, som rett nok aldri hadde sete i ein havkajakk, er ein røynd Sjoa-padlar og sugen på utfordringar. Etter ein telefon til fyrvaktaren, som påstod at straum-

tilhøva var til å leve med, sette me baugen sørover – sjølv om ein noko skeptisk telemarking minte oss om den urolege sjøen me hadde hatt så langt i dag.

Det duvar i sjøen. Bølgjene veks til eit par meter. Klippa mot land blir brattare. Fire små kajakar og storhavet. Det er eit flott skode. Dette er sumarfriluftsliv på sitt beste. Eg ser opp mot fyret og er svært nøgd med vegvalet. Bak meg høyrer eg gudbrandsdølen plystre på ein slått. Ved sida av meg padlar telemarking konsentrert og målretta. Den lokale helten leier an inn gjennom bølgjene.

Plutselig er situasjonen snudd opp ned. Eller rettare: Kajakken til sørlendingen ligg opp ned. Og han sym attmed.

Nokre hektiske minutt seinare er fylgjet igjen på tur austover. Sørlendingen er pjusk og kald, telemarking – som påstår han hadde sett dauden i kvitauga – seier ikkje stort. Og fyrst då me sakte glid inn i Lillehamn aust for neset, høyrer eg igjen slåtteplystring bak meg.

HARALD DAG JØLLE

SITATET

«Kajaken er uden sammenligning den ypperste enkeltmands farkost, som findes.»

Fridtjof Nansen 1891



Ziplongs

NYTT TURUTSTYR

Utstysproduzentane er kreative. Stadig dukkar det opp spesialprodukt i sportsbutikken du neppe hadde tenkt du skulle trenge. Ein anorakk er ikkje lenger ein anorakk. Skal du nytte han på sykkel, på ski eller på sumarfjellet? Og korleis skal du unngå å bli for varm eller for kald på tur? Det norske firmaet Northern Playground meiner dei har kome langt mot målet om den knirkefrie turen når dei har laga ei syntetisk trekvartlang underbrok med gli-

delås, ein såkalla Ziplongs. No treng du ikkje lenger å velje, lovar produsenten som har ambisjonar om å «change the way you undress». Når sola vermer i motbakken, kan du berre stoppe og ta av longsen. Det skal visstnok gå like raskt som å ta av jakka og genseren. Dette er heilt sikkert vel og bra, men eg får lyst til å sitere ein røynd turkompis som rista på hovudet av all utstysreklamen: «Kald blir du alltid, varm blir du alltid, blaut blir du alltid – å love noka anna er svindel».



For 799 kroner kan du no få lang underbrok med glidelås i beina.

Fugle-
perspektivHardbalne
polarkarar

GAMAL LITTERATUR

Ynskjer du ramsalte historier frå ishavet? Då kan du plukke fram John Giævers (1901–1970) klassikar frå 1957. Giæver var presse-mann og forfattar, fangstmann, ekspedisjonsleiar og kontorsjef på Norsk Polarinstitut. I sin lange karriere møtte han tallause aktørar i norsk polarhistorie – forskarar, eventyrarar og ishavets slitlarar. Mange av desse skriv han om i *Hardbalne polarkarar* – på ein måte som berre Giæver kunne. Her er humor og varme, skrøner og alvor.

Catharine Hermine Kølle 1788–1859

BIOGRAFIEN

Noregs første vandrar blir ho kalla. Ho var dotter av ein språkmektig teolog og oppvaksten i Bærum, Kopervik og på Holmen i Hardanger. Mora vart sinnssjuk og sett bort på asyl i 1803. Som ung lærde Catharine seg fleire språk: tysk, fransk, latin og italiensk, men ho fekk òg oppseding i skjønne kunstar som akvarellmålning, brodering og piano-spel. Livet til jomfru Kølle tok ei markert vending etter at ho som førtiåring reiste til København for å undersøkje ein lungesjukdom. Rådet til dokteren var å gå fotturar. Og pasienten var ikkje vanskeleg å be. Fleire gonger gjekk ho over fjellet mellom Vestlandet og Austlandet. Vanlegvis gjekk turen via Gudvangen gjennom Sogn, men ho tok òg turen over Haukeli og Hardangervidda. Ho gjekk til Trondheim i 1835, 1845 og 1850. Ho gjekk til Stockholm og til Hamburg. Og to gonger gjekk ho gjennom Europa til Italia.

Skriftlege kjelder fortel at jomfru Kølle var lita og slank, men hadde kopparr i andletet. Sjølv sa ho at ho var «saa styg at



Catharine Kølle dokumenterte dei mange reisene sine med akvarellar som denne, «Udsigt fra Hveen i Tistedalen», Bergens Museum, UiB. Det finst ingen portrett av henne.

der er ingen som vil røre mig», og derfor kunne vandre trygt. Likevel hadde ho ein pistol i veska, men det var visstnok for å verne seg mot ville hundar.

Catharine Kølle dokumenterte dei mange reisene sine gjennom akvarellar og reise-notat. Ho var ein oppdagings-

reisande som braut med mange normer for korleis kvinner skulle leve livet. Som Anka Ryall har sagt, var ho ein oppdagar som tok del i den nasjonale erobringa av det unge Noreg gjennom turistverksemd, topografiske skildringar og landskapsbilete.

Sjølvpålagde lidingar i grisgrendte strok



Vappus på vidda

Vi hadde ein plan. Tidlegare hadde vi kryssa Finnmarksvidda på ski, med kajakk, med hundspann og til fots. Reinsdyr var det naturlege framhaldet. Ulvungen kjende ein finsk reineigar i Pasvik. Beddari heitte han. «Sør-Varanger på langs» heitte prosjektet. Lokal-

kjende vil vite at det ikkje er spesielt imponerende. Men for alle andre er det eventyrlig eksotisk å tenkje seg sitjande i reinsleden over Vidda, med oksereinen i friskt trav framom. Rypene flaksar forskremde til alle kantar, småbjørka susar forbi, og stakkars

han som blir kasta ut av sleden i ein krapp sving.

Vappus er det samiske namnet på køyrekaren som held i taumane til reinsdyret. Kva han blir kalla, han som går framom og dreg, alternativt bak og piskar på, det veit eg ikkje.

STEIN P. AASHEIM



Her ser duene atter fjell og dalar. Foto: Seabamirum / flickr

Fjell-
bønder
i byen

Bergen har sju, og fleire byar har minst eitt byfjell. Men for somme fuglar er alle byar fjell.

Byduene som vaggar på brustein og vaglar på tak, stammar frå klippedua, som bur i bratte berg ved sjøen. Klippeduer har vorte tamde i fleire tusen år. Dei som har stukke av eller fått sleppe fri, har ofte funne seg til rette i bystrøk. Byen er ikkje berre full av mat – overalt er det karmar, bjelkar og andre «fjellhyller» til å kvile og byggje reir på. Kva meir kan ein klippe-dueætling ønskje seg?

Tårnseglaeren og svartraudstjerten er òg spesielt glade i bygg og bylandskap. I asfaltjungelen finn dei gøymestader som liknar reirplassane dei før hadde i ekte fjell.

Krykkja, måsen som treng skrentar ved storhavet, tyr nokre stader til husvegger i havkanten. Og i Ålesund hadde krykkjene før eit lite, men vaskeekte fuglefjell midt i byen. Fjellet vart sprengt. I staden vart det reist eit rådhus som ikkje baud på fugleliv, men på årevis med steinsprang over byen – etter som den høge fasaden smuldra opp. Eg seier ikkje at det var fuglefjellet som spøkte.

SVEIN ARNE ORVIK

Svein Arne Orvik skriv om fuglar for Dag og Tid.

Verdas
lengste
sledetur

REKORDEN

Knud Rasmussen reiste på dei fem Thule-ekspedisjonane sine frå Aust-Grønland til Beringstredet. No har Hans Reidar Bjelke og Torgeir Sæverud Higræff planar om ei endå lengre sledereise. Nanoq – «isbjørn» – kallar dei prosjektet som dei med rette omtalar som «the greatest polar expedition in modern times». Saman med arktiske urfolk skal dei dra med hundspann frå Thule på Grønland til Alta i Noreg! – via Canada, Alaska og Russland. Rett nok som sju årlege ekspedisjonar, men ambisjonsnivået er imponerende. Den første etappen vart gjennomført i vår. Målet med ferda rundt heile det sirkumpolare området er mellom anna å styrkje kontakten mellom folk i Arktis, attåt å dokumentere gjennom TV-linsa kulturar som lever langs iskanten.